



Landbruksdepartementet
Postboks 8007 Dep
0030 Oslo

2003 - 2997 - 49

ASR/OS

TIN

486

Høringsuttale til forskrift om tilskott til spesielle miljøtiltak i jordbruket og forskrift om tilskott til nærings- og miljøtiltak i skogbruket.

Viser til brev datert 28.10.2003.

Generelt

Forslag til dei to forskriftene bere preg av ønske om å gi kommunane stor frihet til å prioritere mellom ulike tiltak, fastsette kriterie, tilskottssatsar og vilkår. Ein tar dette til etterretning, og ser dei positive mulighetene kommunane får til å tilpasse bruken av verkemiddel.

Kortfatta forskrifter er og mulig fordi ein tidlegare har hatt utfyllande retningsliner i forskrifter som kommunane kan ta utgangspunkt i ved utarbeiding av nye retningsliner for den enkelte kommune.

Likevel gjer vi merksam på at det blir sett i gang arbeidsame prosessar for relativt små midler i kvar kommune.

Om forskriftene blir med få retningsliner som no, håper vi at dette ikkje gjer at departementet seinare sender detaljerte retningsliner i rundskriv til forskriftene.

Konkret til begge forskriftene

- De to forskriftene skal gi rammer for forvaltning av ei årleg disposisjonsramme. Forskriftene bør derfor ha same oppbygging og innhald på tilhøve som omfattar virkeområde, saksbehandlingsreglar m.m. Slik forslaga til forskriftene er utarbeidd er dei ulike på desse områda. Dette er uheldig og unødvendig.
- M.o.t. utbetaling av tilskott føreslår vi at 25% av tilskottet blir halde tilbake inntil arbeidet fullført.
- Vanleg arbeidsfrist bør reduserast til 2 år og kommunen kan forlenge arbeidsfristen utan at det blir nemnt tal år.
- Det bør vurderast om dei to forskriftene kan samlast i ei.

Forskrift om tilskott til spesielle miljøtiltak i landbruket

I § 3 er det sett som vilkår om at det ikkje kan gis tilskott til prosjekter og tiltak på landbrukseigedommar som det offentlege har eigarinteresser i.

Vi foreslår at dette går ut og at den enkelte kommune har frihet til å vurdere dette. Avsnittet om arbeidsfrist kan flyttast til §6 eller 7.

I § 5 bør ein kort seia kva slag kulturlandskapstiltak og forurensingstiltak det kan gis tilskott til. Vidare bør det stå positivt at det kan gis årlege tilskott til vedlikehald av kulturminner og skjøtsel kulturmark.

Etter § 6 skal det nyttast søknadsskjema som er utarbeidd av SLF. Ein foreslår at desse skjema får ei konkretisering av ulike tiltak som nå slik at ein ved rapportering kan registrere kva midla er nytta til.

Forskrift om tilskott til nærings- og miljøtiltak i skogbruket.


I høringsnotatet går det fram at det i tildelingsbrev vil stå at tilskot til vegformål ikkje kan overstige 50 % av tildelt beløp til skogtiltak i den einskilde kommune. Dette er uheldig og ein vil særleg peike på to forhold.


- Det ligg i dette ei innsnevring i det lokale sjølvstyret som verkar unødvendig, og som møter svært lite forståing i kommunen.
- Større fellesveganlegg som ut frå statlege og regionale styringssignal er dei høgast prioriterte vil kunne bli uråd å gjennomføre i små skogkommunar, fordi sum skogmidlar vil være relativt avgrensa, medan anleggskostnad for til dømes ein skogsbilveg på 2 km sjølv sagt er den same som i store skogkommunar.

I § 2-1 siste avsnitt står det at det ikkje kan gis tilskott til skogplanting m.m. Dette bør tas vekk og det bør vera valgfritt for kommunane. Ein anna tilhøve er at dersom dette skal ha eit reelt innhald må rammene aukast.

Løyvings- og utbetalingssystemet

Det blir i dag praktisert to ulike system, dels ei årleg ramme til fylket med høve til å løyve / utbetale tilskot til enkelt tiltak, og dels eit system med "utbetalingsfullmakt og tilsagnsfullmakt". Når kommunane no skal ha ei felles disposisjonsramme for dei to forskriftene må det være ein føresetnad at løyvings- og utbetalingsordning er lik for ramma kommunen disponerer. Og vi foreslår då opplegget som blir nytta for miljøtiltak i jordbruket i dag.


Ann Kristin Olsen
Fylkesmann


Jens Risvand
Landbruksdirektør

Saksbehandlarar: fylkesskogmeister Kristen Langan og fylkesagronom Ole Steffen Gusdal